Frøyland & Orstad kyrkjelyd

## 4. Soknerådsmøte 2016 5.april – Referat

### Mat: Bjørg M.

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar månad ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

| Sokneråd FOK | Tilstade: | Merknader / Vararepresentant: | Ansvarsområde |
|---|---|---|---|
| Jon Lende | X | Leiar av soknerådet | Representant til fellesrådet |
| Helen Hetland Mori | X | Nestleiar soknerådet | |
| Karl Inge Lygre | X | | Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet |
| Torill Brådland | X | | Oppfølging av barnearbeidet |
| Bjørg Mikalsen | X | | Oppfølging av ungdomsarbeidet.<br>Representant til fellesrådet |
| Bjørg Nese | X | | 1. vara til fellesrådet |
| Sigbjørn Sørland | X | 1. vara møter fast | Representant til Livspust – diakonigruppa. |
| **Stab FOK** | | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar | |

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |
| Sak : 24-16 | Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent med tillegg av to saker |
| Sak: 25-16 | Godkjenning av referat frå møte 5. april . Referat godkjent med nokre kommentarer som er innarbeida.<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. Alle på plass. Er veldig glade for at Marta Nordbø har søkt på stilling som barnepastor. Stillinga har vore internt utlyst i Klepp fellesråd. Vi har hatt intervju og referansesjekk med ein ett-åring som vi er trygg på vil passe godt inn hos oss. Intervju med ein ett-åring til onsdag 6. april<br>2. Givartenesta i februar. 123.600<br>3. Orientering frå AU |
| Sak : 26 -16. | **Besøk av prosten**<br><br>Prosten drøfta desse sakene med soknerådet :<br><br>○ - Kyrkjelydane som misjonale og kyrkjelydsbyggjande.<br>○ - Trusopplæring og diakoni<br>○ - Sokneråda som trygge og respektfulle samtaleforum om også vanskelege spørsmål.<br>○ - Gjevartenesta<br>○ - Samarbeid stab og sokneråd. Møtepunkter.<br>○ - Flyktningar lokalt<br>○ - Ny arbeidstid for prestar |
| | |
| Sak: 27 -16 | **Program for bispevisitasen**<br><br>Ferdig utkast til program er vedlagt innkallinga |

| | |
|---|---|
| | Kommentar frå Kjell Børge om at det er ein fordel å ha møte med kirkevergene før møtet med kommune.<br><br>Tre stk vil følge heile programmet – biskop Erling Pettersen , Geir Skårland frå bispedømmekontoret, prost Kjell Børge Tjemsland<br><br>Frå vår side vert det vurdert utfrå den enkelte programposten kven som er med.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Skisse til programmet er godkjent i soknerådet slik at vi kan arbeida vidare med å spørja dei vi ynskjer skal bidra til programmet.<br><br>Det må også fyllast inn kva det er ynskja at biskop bidreg med på kvart enkelt programpunkt.<br><br>Det er biskop som deretter endeleg godkjenner programmet |
| Sak: 28-16 | **Tema for gudstenester haust**<br><br>Tre gudstenester i starten med nådegave som tema . Godt koordinert med opplegg for cellegruppene. Det er mulig å ta en nådegavetest som er digital .<br><br>Resten av høsten en temaserie om Jesus. Korleis han har forandra verda. Inspirert av ei bok av John Ortberg – «Who is this man» .  Dette vert kopla opp mot evangelietekstane for hausten.<br><br>Innspel frå soknerådet om at det og enten gjennom preikene eller på annan måte bør setjas fokus på cellegruppene og arbeid med dette. |
| Sak:  29- 16 | **Arbeid med gravlund**<br><br>Oppsummering frå rådmann Ivar Undheim er vidaresendt frå Jon Lende til alle i soknerådet.<br><br>Vedlagt innkallinga er også eit notat frå gravlundgruppa.<br><br>**Vedtak:** |

| | |
|---|---|
| | Soknerådet ber Klepp kyrkjelege fellesråd ved kyrkjeverje snarast om å<br>• fylja opp tidlegare vedtak i fellesrådet (sak 01.09) og sørgja for nødvendig avklaring i forhold til rådmannen slik at arbeidet med gravplass kan fortsetja.<br>• avtale møte med rådmannen i mai |
| Sak 30-16 | **Tilbod til ett-åring haust 2016/vår 2017**<br><br>Den første ett-åringen som vi har intervjua virkar veldig dyktig. Dette er også bekrefta av gode referanser.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Soknerådet stiller seg bak at ho får eit tilbod snarest. Dagleg leiar kommuniserer dette til henne. |
| | |
| Sak 31-16 | **Orientering fra Stiftelsen ved Karl Inge Lygre**<br><br>Endringene ved sist valg var at Ruth Sinnes gikk ut , og Guro Fykse kom inn som ny fast vara<br><br>**Fremover er det fokus på følgende :**<br><br>• Reparasjon av lekkasje tårn, ny maling<br>• Reklamasjoner , der Njaal Fykse fylgjer dette opp<br>• Vedlikehold ute rundt i bed.<br>• Ny prosjektor – ynskjer å få ein med større ( breiare ) bilete<br>• Ei prosjektgruppe som vurderer LED –skjerm |
| Sak 32-16 | **Fest for konfirmanter og foreldre 26. april**<br><br>Soknerådet + 3 stk fra cellegruppen til Venke Ueland er komite<br><br>Oppgavene blir fordelt i komiteen av Jon Lende. Tor Arne Laland er også koblet inn med erfaring fra fjoråret.<br><br>Konfirmantleiarane er inviterte, men det er frivillig for dei å delta. |

| | |
|---|---|
| Sak 33-16 | **Arbeid med ny logo**<br><br>Dette har vore ynskja av stab ei tid, men har avventa å ta opp saka til arbeidet med kultur-dokumentet hadde kome godt i gang.<br><br>Saka er utsett til neste møte pga lite tid til saksframstilling. |